



## Notat

Dato: 20.05.2019  
Arkivsak: 2014/12636-14  
Saksbehandlar: karoen\_

---

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Heiltidskultur i HFK - Vurdering av ufriviljug deltid

I administrasjonsutvalet den 13.02.2019, RS 4/19 vart det vist til at fylkestinget i samband med budsjettbehandlinga for 2019 gjorde følgjande vedtak:

«Fylkestinget meiner at heile stillingar skal vera hovudregelen og vil at arbeidet med å auke talet på heile stillingar skal intensiverast. Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med sak.»

I ovannemnde referatsak til administrasjonsutvalet vart det vist til at fylkesrådmannen har sett i gang arbeid med å få oversyn over talet på deltidsstillingar i fylkeskommunen og at oversynet deretter skulle gjennomgåast av einingsleiarane for kvalitetssikring slik at ein kunne få fram det reelle talet på personar med ufriviljug deltid i fylkeskommunen.

I dette notatet vert det lagt fram oversyn over deltid og fordeling på stillingskategoriar. Arbeidet med å kvalitetssikre data og identifisere dei som går i uønska deltid er ein meir krevjande jobb og må arbeidast vidare med. Fylkesrådmannen tek sikte på å legge fram oversyn over dette på møte i september.

#### Vurdering av ufrivillig deltid

Med utgangspunkt i 4353<sup>1</sup> tilsette i Hordaland fylkeskommune pr 1. mai 2019 kan ein sjå følgjande hovudtrekk i dei kategoriane av tilsette der det er registrert mykje deltid. Rådgjevargruppa er teke med som døme på grupper med lite deltid.

For dei gruppene av tilsette som vert omtala under, vil ein heile vegen sjå at uttak av AFP anten i 20% eller 40% gjev utslag i storleiken på gruppa.

#### Pedagogar

Av 2361 lærarar har 73% heil stilling.

81% av lærarane har 80% stilling eller meir. Ein del lærarar over 62 år har gjort val om å ta ut AFP med 20%. Dette inneber at det er relativt få lærarar blant dei med 80% eller større stilling som har ufrivillig deltid. Tilsvarande refleksjon kan ein gjere om tal tilsette som gjer val om å ta ut 40% AFP. Det er 11% av tilsette lærarar som ligg mellom 40% og 60%. Denne gruppa vil nok i stor grad bestå av tilsette som ønskjer større stilling.

---

<sup>1</sup> Her: avgrensa til dei som «mottek fast løn»

I nedste enden av skalaen er det 6% av det totale tal lærarar som har relativt små stillingar. I denne gruppa finn vi mellom anna musikarar som underviser i instrumentfag ved skolane. Dei har si hovudinntekt som musikar og har arbeidet ved skulen som bistilling.

### **Miljøarbeidarar**

Miljøarbeidarar i skulen er tilsett for å bistå lærarane i deira undervisning og følgje opp enkeltelevar som treng praktisk hjelp i skolekvardagen. Tal undervisningstimar pr veke er lågare enn talet på arbeidstimar i normalveka på 37,5 timer. Det er såleis ikkje trond for å ha miljøarbeidarane i arbeidssituasjonen i full stilling pr veke. For ein del vil det vere trond for utvida tid utover elevane si skuletid for å dekke opp skulefritidsordning med meir.

Av tabellen går det fram at 44% av miljøarbeidarane har heil stilling (100%), medan 21% har under 80% stilling.

### **Reinhaldarar**

65% har heil stilling som reinhaldar, medan 23% av denne gruppa har mindre enn 80% stilling.

### **Tannlegar**

77% har heil stilling, medan 19 % har mindre enn 80 % stilling.

### **Tannpleiarar**

64% har heil stilling som tannpleiar, medan 20% har mindre enn 80% stilling.

### **Tannhelsesekretærar**

I denne gruppa er det slik at tannhelsesekretæren skal assistere tannlegen i sitt arbeid. Med arbeidsdelinga som er gjort i tannhelsesektoren er det ei utfordring å legge til rette for heile stillingar for tannhelsesekretærar. Tannhelsetenesta er gode på å lysa ut internt for å tilby dei som går i deltid ein større stillingsprosent.

54% har heil stilling som tannhelsesekretær, medan 33% har mindre enn 80% stilling.

### **Kontorpersonell:**

80% har heil stilling som merkantilt tilsett, medan 12% har mindre enn 80% stilling.

### **Rådgjevarar:**

88% har heil stilling som rådgjevar, medan 8% har mindre enn 80% stilling.

**Tabell 1: Oversyn over deltid og fordeling på stillingskategoriar**

<b>Alle</b>	<b>4353</b>	<b>Av total</b>
100 %	3255	78 %
Under 100 %	1098	22 %
Under 80 %	681	16 %
Under 60 %	403	9 %
Under 40 %	167	4 %

<b>Pedagogar</b>	<b>2361</b>	<b>Av total</b>
100 %	1715	73 %
Under 100 %	646	27 %
Under 80 %	438	19 %
Under 60 %	258	11 %
Under 40 %	137	6 %

<b>Miljøarbeidrar</b>	<b>255</b>	<b>Av total</b>
100 %	112	44 %
Under 100 %	143	56 %
Under 80 %	54	21 %
Under 60 %	32	13 %
Under 40 %	15	6 %

<b>Kontorpersonell</b>	<b>235</b>	<b>Av total</b>
100 %	187	80 %
Under 100 %	48	20 %
Under 80 %	28	12 %
Under 60 %	15	6 %
Under 40 %	2	1 %

<b>Reinhaldarar</b>	<b>158</b>	<b>Av total</b>
100 %	103	65 %
Under 100 %	55	35 %
Under 80 %	36	23 %
Under 60 %	20	13 %
Under 40 %	2	1 %

<b>Driftspersonell</b>	<b>72</b>	<b>Av total</b>
100 %	65	90 %
Under 100 %	7	10 %
Under 80 %	3	4 %
Under 60 %	2	2 %
Under 40 %	0	0 %

<b>Tannleger</b>	<b>157</b>	<b>Av total</b>
100 %	121	77 %
Under 100 %	36	23 %
Under 80 %	30	19 %
Under 60 %	16	10 %
Under 40 %	6	4 %

<b>Tannpleiarar</b>	<b>55</b>	<b>Av total</b>
100 %	35	64 %
Under 100 %	20	36 %
Under 80 %	11	20 %
Under 60 %	8	15 %
Under 40 %	1	2 %

<b>Tannhelsesekretær</b>	<b>172</b>	<b>Av total</b>
100 %	93	54 %
Under 100 %	79	46 %
Under 80 %	56	33 %
Under 60 %	31	18 %
Under 40 %	6	4 %

<b>Rådgjevarar</b>	<b>527</b>	<b>Av total</b>
100 %	465	88 %
Under 100 %	62	12 %
Under 80 %	44	8 %
Under 60 %	32	6 %
Under 40 %	11	2 %

<b>Andre</b>	<b>399</b>	<b>Av total</b>
100 %	343	86 %
Under 100 %	56	14 %
Under 80 %	44	11 %
Under 60 %	38	10 %
Under 40 %	13	3 %

I 2013 og 2016 vart det utført ei anonym kartlegging av uønska deltid i HFK. Resultatet av dei to kartleggingane viste at det var om lag 30-35 % som ønsker seg ein større stillingsprosent. Dette utgjer ca 300-400 tilsette.

Utviklinga i deltid i HFK for perioden 2012 til og med 2018 viser ei positiv utvikling med ein nedgang på talet tilsette som går i deltid på 875 personar (frå 1884 tilsette i 2012 til 1009 tilsette i 2018). Dette viser at HFK er på rett vei i høve til ein heiltidskultur. Bruk av m.a. intern utlysing, bruk av førerett til ledig stilling (Aml § 14-3), auka fleksibilitet i arbeidsstad og oppgåver og meir fokus på tema heiltidskultur kan ha hatt ein positiv effekt.

Med verknad frå 1. januar 2019 er det lovfesta at føreretten for deltidstilsette også kan gjelde *ein del* av ei utlyst stilling, jf. arbeidsmiljølova § 14-3 første ledd. Dette inneber at dersom det t.d. blir utlyst ei 100 prosent stilling, kan ein deltidstilsett i 60 prosent stilling krevje førerett til 40 prosent av den utlyste stillinga. Tidlegare var det eit krav om at du måtte ta heile den utlyste stillinga.

Arbeidsgivar må fortsatt vurdere om bruk av føreretten vil føre til ei vesentleg ulempe for verksemda. Det vil for eksempel vere ei vesentleg ulempe dersom arbeidsgivar blir sittande att med ei reststilling som det er vanskeleg å rekruttere kvalifiserte søkerar til eller at gjennomføring av føreretten til berre ein del av ei stilling vil medføre at verksemda får fleire og ikkje færre deltidstilsette.

Det er no viktig å koma eit steg vidare og få identifisert dei som går i uønska deltid. Når vi har eit slikt oversyn vil det vere lettare å sjå på konkrete løysingar for korleis ein kan auke opp stillingsstorleiken til tilsette. Dette er eit område som ikkje er heilt uproblematisk. Mellom anna har vi i vidaregåande skole ein del «smale» fag/fagkombinasjonar som vanskeleggjer heiltidsstilling. Og jo mindre skolane er jo vanskelegare er det å fylle opp til heil stilling. På same måte har vi miljøarbeidarar der mange er i 80 % stilling eller mindre fordi dei har si arbeidstid knytt til den tid eleven med særskilde behov er på skolen.

Ein kan ikkje vere ueinig med politikarane at heile stillingar skal vere hovudreglen i HFK. Men det er eit stor steg å koma dit. På kort sikt er det viktig å få ned talet på uønska deltid. Og det arbeidet vil fylkesrådmannen intensivere.